



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd  
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 12.10.2020

Vår ref: 20/02999-4

Dykkar ref:

## Høyring "Kristne migrantar". Høyringssvar frå Bjørgvin bispedøme

### 1. Innleiing

Bjørgvin bispedøme vil med dette få takke for høvet til å gje uttale i saka om kristne migrantar. Saka er viktig, ikkje berre med tanke på kristne migrantar, migrantkyrkjelydar og deira plass, men og for Den norske kyrkja som del av den verdsvide kyrkja. Kyrkja vår blir fattigare dersom vi ikkje lett den verdsvide kyrkja ta plass midt i vår kyrkjekvartdag og lett oss inspirere og ta inn over oss impulsane og dei liva våre med-kristne tek med seg til oss. Ja, vi står ikkje fram som ei sann kristen kyrkje utan at vi lett dette prege oss. Vi er gitt til kvarandre. Vi høyrer til kvarandre. Vi ber liva til kvarandre i våre hender, som teologen og filosofen Knut Løgstrup sa.

### 2. Om prosessen

Høyrbrevet frå Kyrkjerådet er datert 29.6.2020. Her går det fram at saka om kristne migrantar vil bli lagt fram for Kyrkjerådet desember 2020 med sikte på et endeleg vedtak i saka då. Samstundes vil Kyrkjerådet få eit forslag til handlingsplan på feltet til behandling. Bispedøma vil så bli inviterte til felles arbeid for å nå måla i planen.

Det er verd å merke seg at høyringa vart sendt ut ved starten av sommarferien. Med behandling i bispedømeråd og frist til Kyrkjerådet allereie 15. oktober seier det seg sjølv at høyringa ikkje har fått den breie prosessen som kunne vore ønskeleg regionalt og lokalt. Høyringa hadde tent på det. Samstundes har administrasjon, råd og utval likevel arbeidd raskt og målretta for å komme med eit svar på høyringa. Svara tar utgangspunkt i dei spørsmåla som vart stilt i høyrbrevet.

Høyringa er noko uklar når det kjem til bruk av omgrepene: det blir skrive både om kristne migrantar, migrantkyrkjelydar og migrantar. Vi har prøvd å skilje der det har vore naudsynt, men ser også at vi kan ha blanda omgrepene i dette høyringssvaret. Om så er tilfelle ber vi om orsaking for det.

### 3. Høyringsspørsmåla

Høyringa ønsker svar på tre spørsmål:

1. *Hva er de viktigste perspektivene i saken*
2. *Hva bør prioriteres i det videre arbeidet med saken*
3. *Andre kommentarer til saken og videre arbeid med den.*

Vi vil i det videre ta for oss desse spørsmåla og svare på dei.

#### **3.1 «Hva er de viktigste perspektivene i saken?»**

Slik Bjørgvin bispedøme les høyringa er det fem perspektiv/ utfordringar ved situasjonen i dag som vert løfta fram:

1. Den norske kyrkja mister prosentvis oppslutning i befolkninga mellom anna fordi delen migrantar er stor (72 % av befolkningsveksten kjem frå migrasjon til Noreg)
2. Den norske kyrkja evner ikkje å møte kristne migrantar på ein måte som gjer at denne kyrkja blir deira kyrkje
3. Den norske kyrkja evner ikkje å nytte den kunnskapen og kompetansen kristne migrantar ber med seg i møte med ikkje-kristne migrantar frå ulike deler av verda. Deira kunnskap og kompetanse vil vere av stor verdi for Den norske kyrkja når vi skal dele vår tru/evangelisere overfor våre nye landsmenn som ikkje kallar seg kristne.
4. Den norske kyrkja evner ikkje å la migrantane sitt trus-uttrykk, kultur og tradisjonar komme til uttrykk i kyrkja sitt arbeid, inkludert gudstenesta
5. Den norske kyrkja bør styrke sitt økumeniske arbeid opp i mot migrant-kyrkjer.

I tillegg er det ei stor utfordring med sjølve høyringa som det underleg nok ikkje er reflektert godt over i teksten. Høyringa set eit skilje mellom Den norske kyrkja og det norske på den eine sida og kristne migrantar/ resten av verda, på den andre sida. På ein måte er det forståeleg med eit slikt skilje. Det handlar om å gjere tydeleg utfordringar. På den andre sida er det særstak utfordrande med ei så tabloid framstilling av verda vår. Det er på den eine sida mogleg å kunne seie at behova kan vere annleis for ein høgt utdanna spesialist frå eit land som migrerer til Noreg pga. arbeid, enn for ein person som migrerer til Noreg pga konfliktar i eige land og som i tillegg ber på eit stort krigstraume. På den andre sida kan ein seie at begge treng eit fellesskap av truande og difor har same grunnleggjande behov for inkluderande fellesskap og nestekjærleik. Dette burde høyringa problematisert og reflektert over.

Med tanke på dei fem perspektiva/ utfordringane som vart nemnt over, kjem høyringa med svar på korleis desse perspektiva/ utfordringane kan bli møtt. Løysinga er å la kyrkjelydar i Den norske kyrkja og kyrkja på regionalt og nasjonalt nivå arbeide med å bli prega av 10 kjenneteikn. Desse kjenneteikna er grunnlaget for forslaget til vedtak i saka når ho vert lagt fram for Kyrkjerådet i desember 2020.

Bjørgvin bispedøme meiner *intensjonen* som kjem fram i forslaget til vedtak er god, men *konklusjonen* blir for omfattande og vag.

Bjørgvin bispedøme meiner at eit fleirtal av kjenneteikna heller bør løftast opp på eit nasjonalt nivå og inkluderast i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja. Fordi mange av dei som i dag ikkje kjenner seg heime i kyrkja – òg av etniske nordmenn - vil kunne tene på å bli møtt slik av kyrkja som er løfta fram her. Dersom desse kjenneteikna skal prega Den norske kyrkja, er visjonsdokumentet den rette plassen. Dette fordi ein bør unngå å ha mange visjons- og strateginivå. Det er òg slik at vedtaksdokumentet med sine 10 kjenneteikn, har eit visjonsspråk i staden for konkrete handlingsalternativ. Det kan gjere det vanskeleg å omsetje intensjonen i dokumentet i handling: lokalt, regionalt og nasjonalt.

Eit konkret døme på det er kjenneteiknpunkt 5. Her kan vi lese: «*Mangfoldige gudstjenester. Gudstjenesten avspeiler menighetens kulturelle mangfold, og det gis mulighet til å feire gudstjenester på ulike språk*». Dersom ein meiner at det er viktig med mangfaldige gudstenester bør Kyrkjerådet gje konkrete retningslinjer for det. Justeringa av gudstenestereforma strammar inn lokale variasjonar og musikkval slik at å ta inn noko frå andre kulturar vert opplevd som umogeleg og uønska av Kyrkjemøtet. Om dette punktet skal stå, bør det difor kompletterast med annan informasjon, mellom anna om dei ordningar som finst med tanke på å søke biskopen om justert liturgi på utvalde gudstenester.

Bjørgvin bispedøme meiner vidare at kristne migrantar sin kompetanse og kunnskap om eiga tru, kultur og etnisitet ikkje eigentleg er anerkjent i høyringa. Dette bør takast på alvor. Det blir for mykje kva vi som majoritetskyrkje skal gjere for dei som er ein minoritet utan å anerkjenne dei som ekspertar på eige liv, tru og kultur. Samstundes: framfor å kaste vrak på alle dei 10 kjenneteikna i høyringa med aktuelle tilrådingar, vel Bjørgvin bispedøme å foreslå ei omformulering og spissing av desse kjenneteikna slik at dei forhåpentlegvis blir meir operasjonelle for kyrkja, både nasjonalt, regionalt og lokalt.

### **3.2 «Hva bør prioriteres i det videre arbeidet med saken?»**

Bjørgvin bispedøme meiner altså at saka tener på ei omformulering og ei spassing av vedtaket for å få engasjert kyrkja nasjonalt, regionalt og lokalt til å ta tak i utfordringane som kjem fram i saka. Her følgjer Bjørgvin sine forslag:

#### **1. Anerkjenne kristne migrantar sin kompetanse og kunnskap om eiga tru, kultur og etnisitet**

Som majoritetskyrkje må Den norske kyrkja innsjå at kristne migrantar er ekspertar på eige liv og tru. Difor må vi lære av dei ulike trus-uttrykka desse ber med seg og la oss utfordre på våre måtar å vere kyrkje på; både når det kjem til gudstenesta, diakonien, trus-opplæringa og kyrkjemusikken.

Den norske kyrkja må og aktivt knytte til seg kristne migrantar som ressurspersonar og anerkjenne den kompetansen og kunnskapen om eigen tru, kultur og etnisitet kristne migrantar har i møte med ikkje-kristne frå deira region (jfr prinsippet med likemannsarbeid<sup>1</sup>). Dette er særleg aktuelt når kyrkja ønsker å dele tru/ evangelisere våre nye landsmenn som i dag ikkje har ein kristen tru.

Arbeidet skal vere prega av (*slik det kjem fram i høyningsdokumentet*):

- Dialogisk ydmykhet: lytte til menneskers trohistorier og livserfaringer med respekt og nysgjerrighet for ulik kulturell tilhørighet
- Tydelighet på eget ståsted og innholdet i kristen tro: dele kristen tro i møte med mennesker som ikke kjenner denne uten at dette verken oppleves eller fungerer invaderende eller krenkende

---

<sup>1</sup> Sjå mellom anna dette døme på kva likemannsarbeid kan vere: «Likemannsarbeidet er samhandling parter imellom. Men likemannsarbeid har også et nytteaspekt: Det skal være til hjelp, støtte og veiledning. Tanken er at den som har en bearbeidet erfaring har noe å gi andre. Det vil si at den som har levd med utfordringer har en uformell og hverdagslig kompetanse som andre kan dra nytte av i deres egen prosess. Det er en forutsetning at den som skal være likemann har fått en viss følelsesmessig avstand til egne opplevelser.» <https://ffo.no/globalassets/rapporter/generelt-om-likemannsarbeid.pdf>

## **2. Legge til rette for inkluderande fellesskap som reelt sett er inkluderande overfor både kristne migrantar og andre migrantar**

Arbeidet skal vere prega av (*slik det kjem fram i høyringsdokumentet*):

- Diakonal tilnærming: Kirken fremmer migranters rettigheter, støtter dem i å etablere en hverdag i Norge, og legger til rette for deres deltagelse i diakonalt arbeid
- Gode relasjoner: Kirken arbeider aktivt for å bygge relasjoner og mangfoldige fellesskap med rom for forskjellige språk, tradisjoner og personligheter
- Inkluderende felleskap: I kirken møtes alle med samme respekt, frihet til å være seg selv og forventning om deltagelse ut fra sine forutsetninger
- Mangfoldige gudstjenester: Gudstjenesten avspeiler menighetens kulturelle mangfold, og det gis mulighet til å feire gudstjenester på ulike språk
- Relevant forkynnelse: Kirken forkynner evangeliet frimodig med sensitivitet for det kulturelle, språklige og religiøse mangfoldet i samfunnet
- Kultursensitiv trosopplæring: Undervisning i kristen tro og praksis tilpasses migranters erfaringer og perspektiv, språk og alder
- Anerkjennelse av krysskulturelle barn og unge: Kirken sørger for at alle barn og unge blir sett og lyttet til, og at de kan prege kirkens fremtid

## **3. Aktiv rekruttering av kristne migrantar til stillingar, råd og utval i DNK – nasjonalt, regionalt og lokalt**

Arbeidet skal vere prega av (*slik det kjem fram i høyringsdokumentet*):

- Representativt lederskap: Kirken rekrutterer ansatte og frivillige til ledelse og demokratiske styringsorganer fra bredden i befolkningen

Med tanke på dette punktet er det viktig å gjøre merksam på at det i dag er eit krav om medlemskap i Den norske kyrkja for dei som ønsker å arbeide i kyrkja. Det blir difor viktig under dette punktet å opplyse at den lokale kyrkjelyd ved kyrkjeverje kan søke sin biskop om unnatak for kravet om medlemskap for kyrklelege stillingar.

## **4. Styrking av DNK sitt økumeniske arbeid opp mot migrantkyrkjelydar/migrantkyrkjer**

Arbeidet skal vere prega av (*slik det kjem fram i høyringsdokumentet*):

- Økumenisk samarbeid: Den norske kirke tilbyr ulike tilknytningsformer for den enkelte migrant og for migrantmenigheter

### **3.3 «Andre kommentarer til saken og videre arbeid med den?»**

Bjørgvin bispedøme vil med dette høyringssvaret anerkjenne den satsinga som kjem fram av denne saka og har eit ønske om at det ut av arbeidet med høyringa kan bli arbeidd fram eit dokument som blir mogleg å nytte for våre kyrkjelydar i arbeidet med migrantar (til dømes ein vegleiar eller ei oppskriftsbok om «Verksam inkludering», etter inspirasjon av ulike program for verksam forebygging som vert nytta innan mellom anna sosialt arbeid). Det kan også vere nyttig og viktig å sjå høyringa om frivillig arbeid i kyrkja i lys av høyringa om kristne migrantar og vice versa.

Den norske kyrkja må ta på alvor kristne som kjem til oss frå heile verda med kvar sin bagasje og ønske om å høyre til i den kristne forsamlinga. For kyrkja kan på sitt beste vere

ein sentral arena for inkludering av migrantar i våre lokalsamfunn. I dette arbeidet kan det mellom anna handle om å ta vare på og utvikle dei naturlege møtepunkta vi har i løpet av veka. Kva med å til dømes utvide kyrkjekaffien til også å vere ein praktisk språk-kafé, eller la «Babysong» ta for seg barnesongar frå dei ulike nasjonane som er til stades på samlingane? Sjå til dømes korleis KM Open Barnehage er eit naturleg fleirkulturelt møtepunkt i mange lokalsamfunn, eller korleis bibelgrupper og husfellesskap kan vere naturlege plassar kor kristne migrantar og konvertittar finn ein heim. Som det vert sagt i NMS sitt metodeprogram «Use Your Talents»: «*Vi har ressursene, vi har mulighetene, vi kan få ting til!*»

Det blir òg viktig at kyrkja tar på alvor at økonomi er eit punkt som kan gjere det vanskeleg å innfri intensjonen i høyringa om å tilsette fleire migrantar, i tillegg til medlemskravet som er omtala tidlegare i dette svaret. For: det kan verke slik at i dei kyrkjelyder med flest migrantar så er ofte og medlemstalet lågast. Dette verkar inn på kyrkjelyden si drift: færre medlemmar gjev strammare økonomi og større utfordringar med å vere ei lokal og nærverande kyrkje.

Bjørgvin bispedømeråd har fått informasjon at det kjem migrantar som har flykta frå overgrep og mishandling på grunn av rase og legning, mellom anna frå Kenya. Vi meiner det er særskilt viktig at kyrkja tar seg godt av desse og er med å skape trygge rom for dei. Mange av dei har og erfaringar som kyrkja kan dra nytte av i sitt arbeid med desse spørsmåla.

Saka om kristne migrantar gjev oss samstundes ei påminning om at vi som kyrkje ikkje må stille andre krav til migrantar som vil halda på sin eigen kultur og gudstenesteform enn det vi gjer til nordmenn i utlandet som held på vår norske kultur og gudstenesteform t.d. gjennom Sjømannskyrkja/ Norsk kyrkje i utlandet. Vi må anerkjenna at behovet for heimeleg kultur i eit framand land gjer at det for mange er naturleg først å söke til samlingar og gudstenester med eige språk og liturgi. Der kan den norske kyrkja koma dei i møte med tilbod om leige av eigna lokale.

#### **4. Oppsummering**

Bjørgvin bispedøme står ei satsing på ei fleirkulturell kyrkje som evnar å møte kristne migrantar – kor enn dei måtte kome frå - på ein god måte og inkludere og involvere dei i våre kyrkjer. Og for kyrkja i Bjørgvin vil det vere viktig å samarbeid både med kyrkjene, for å realisere måla i denne høyringa, og med organisasjonar som arbeider tett på kristne migrantar og migrantar i stort, som til dømes KIA Bjørgvin, EMPO/ Kirkens Bymisjon, NMS og andre lag og organisasjonar.

For det handlar til sjuande og sist om dette; korleis vi kan bidra til at kristne migrantar (og andre migrantar) kan kjenne seg heime i kyrkjelydane våre og korleis desse kan bidra og sette sitt preg på kyrkjelyden og våre lokalsamfunn. Samstundes er det viktig å vere var på at det kan vere forskjell på ein kyrkjelyd i Loddefjord og eit landsens sokn i Bjørgvin og korleis dei nærmar seg desse utfordringane. I dette er det viktig å støtte dei tiltaka som allereie finst.

Bjørgvin bispedøme ser og denne saka i lys av andre høyringar som kyrkja arbeider med for tida, mellom anna høyringa om frivillig teneste. Denne høyringa løfter mellom anna fram at Den norske kyrkja kan la seg inspirere av NMS sitt program «Use Your Talents» kor ressursane til kvar enkelt blir tatt på alvor og nytta som ei kraft til å gjere noko for kyrkja, lokalsamfunnet, medmenneska og dei sjølve. For: Kyrkja er vi, og dei kristne migrantane er ein ressurs. Om vi kjem frå Ulsteinvik, Langevåg, Bergen, Manila eller Sao Paolo. Vi høyrer til og ingen eig kyrkja utan Gud sjølv, men vi er sette til å forvalte ordningane til beste for vår medmenneske og Guds rike. Difor kan vi ikkje halde fram med å bygge usynlege murer mellom dei som i dag kjenner seg heime i kyrkja og dei som kjem til oss og som vil vere med, men som ikkje finn sin plass.

Det er vår plikt å gjere noko med det. I det vil Bjørgvin bispedøme stå saman med heile kyrkja for å snu kvar ein Stein for å gjere noko med desse utfordringane.

Med helsing

Bjørgvin bispedømeråd  
ved stiftsdirektør Jan Ove Fjellveit

Bergen 12.10.2020

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Hamar-bdr	Postboks 208	4662
Nidaros-bdr		KRISTIANSAND S
Nord Hålogaland-bdr		1606
Oslo bispedømme		FREDRIKSTAD
Stavanger-bdr		6415 MOLDE
Tunsberg-bdr		
Agder og Telemark bispedømmeråd		
Borg bispedømmeråd	Bjarne Aasgt. 9	5817 BERGEN
Møre Avdeling for personal og administrasjon	Moldetrappa 1	
Bjørgvin kyrkjefagavdeling, Tore Skjæveland	Postboks 1960, Nordnes	0106 OSLO
KR - Seksjon for diakoni/samfunn, Wenche Fladen Nervold	Postboks 799 Sentrum	
Alle bispedømekontor, Bjørgvin bispedømmeråd		
Alle bispedømekontor, Sør Hålogaland-bdr (sor-halogaland.bdr@kirken.no)		

Mottakere:

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk kirkeråd	Postboks 799 Sentrum	0106 OSLO
---	-------------------------	-----------